Tokke

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/474-24

Sakshandsamar: Hilde Hagen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap		
Kommunestyre		

Dagsturhytte i Tokke kommune

Saksframlegg godkjent 05.10.2026.

Åge Verpe	Knut Erik Paulsen
Kommunedirektør	kommunalsjef plan, næring og kultur

Vedlegg

1 260911_Vurdering Dagsturhyttealternativ Tokke
2 Dagsturhytte i Tokke_Vedlegg
3 Dagsturhytte i Tokke_Kort presentasjon
4 2-Tilsegn - Støtte til dagsturhytta i Tokke.pdf
5 Informasjon til kommunene - status Dagsturhytter i Telemark.PDF
6 Særutskrift - 2025/474 Søknad om etablering av dagsturhytte

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i juni 2024 å setje i gang eit dagsturhytteprosjekt i Telemark. Målet med prosjektet er at alle kommunane i Telemark skal etablere ei attraktiv dagsturhytte innan utgangen av 2026. Det er lagt til grunn at kommunane skal nytte eit eksisterande bygg, gjerne med kulturhistorisk verdi. Prosjektet omfattar også utvikling av felles profilering, mikrobibliotek og kunstneriske element knytt til dei enkelte hyttene.

Feste Landskap Arkitektur har utvikla eit konsept kalla «hus i huset», der eksisterande bygningar kan tilpassast dagsturhytteformål gjennom ein innvendig konstruksjon som gir felles funksjonar og uttrykk. Løysinga gjer det mogleg å ta vare på bygningens identitet og historie, samstundes med at dagsturhytta får naudsynte funksjonar og kan tilbakeførast til opphavleg bruk på eit seinare tidspunkt.

Prosjektet er finansiert gjennom Telemark fylkeskommune, Sparebankstiftelsen Telemark, Sparebankstiftelsen Nome og aktuelle tilskotsordningar. Kommunen må bidra med eigenandel og vil ha ansvar for framtidig drift og vedlikehald.

Tokke kommune gav tidleg eit administrativt positivt svar om deltaking i prosjektet, og administrasjonen har sidan arbeidd vidare med aktuelle lokasjonar, bygningar og lokal forankring.

Saksutgreiing

Tokke kommune har gjennom prosjektperioden hatt tett dialog med Telemark fylkeskommune og Høgde. Det er gjennomført fleire møte, synfaringar, spørjeundersøkingar og folkemøte for å sikre lokal medverknad og forankring. Innspela frå spørjeundersøkingar og folkemøta viser at innbyggjarane ønskjer ei dagsturhytte som er lett tilgjengeleg, har ei interessant historie å formidle og kan nyttast av eit breitt spekter av brukargrupper. Universell utforming, nærleik til eksisterande turmål og moglegheita for å skape ein sosial møteplass, har vore viktige moment.

Administrasjonen har vurdert fleire moglege lokasjonar og bygningar. Det har vore tidkrevjande å finne lokasjon og eit bygg som kunne passe etter føresetnadane i prosjektet. Etter mange vurderingar stod me att med to hovudalternativ, eit i Skafså og eit i Høydalsmo.

I Skafså vert det utvikla nye friluftstilbod med blant anna ein ny tursti. Området har eit stort potensiale som framtidig besøksmål, både av innbyggarar i kommunen og av andre besøkande. Ei dagsturhytte vil auke attraktiviteten ytterlegare og Skafså stod difor lenge som eit av dei alternativa som me har jobba vidare med. Etter nøye vurdering i prosjektgruppa, har me funne ut at det aktuelle bygget er for stort til å passe inn i dei føresetnadene som fylkeskommunen har satt og at ei eventuell dagsturhytte langs den nye turstien krev ei anna løysing enn det prosjektet legg opp til. Skafså kan vere eit aktuelt område for eit framtidig dagsturhytteprosjekt der ein i større grad kan utforske nye arkitektoniske løysingar, til dømes gjennom samarbeid med arkitektstudentar eller andre fagmiljø.

Administrasjonen ynskjer å plassere dagsturhytta på Slettemoen, ei halvøy ved Oftevatn i Høydalsmo. Området har fleire kvalitetar som gjer det særs godt eigna til føremålet. Det er mogleg å etablere ein tursti frå området ved CircleK og fram til hytta, og terrenget ligg godt til rette for at denne stien kan utformast etter prinsippa for universell utforming. Det er gode parkeringsmoglegheter og det vil gjere dagsturhytta tilgjengeleg for fleire brukargrupper enn mange tradisjonelle turmål.



Lokalisering av dagsturhytta ved Oftevatn

Lokaliseringa ligg sentralt og i nærleiken av både skule og barnehage. Dagsturhytta vil difor kunne bli ein naturleg møteplass for barn, unge, familiar og eldre. Området gir gode moglegheiter for friluftsaktivitet, læring og sosialt fellesskap, og vil kunne nyttast både i undervisning, barnehageaktivitetar og som ein møteplass på fritida.

Det har tidlegare vore bru over delar av Oftevatn, og lokalt er det eit ønskje om på sikt å etablere ei ny hengebru som kan binde områda rundt vatnet saman. Sjølv om dette ikkje er ein del av dagsturhytteprosjektet, vil ei framtidig bru kunne styrkje området som rekreasjonsområde og gi nye moglegheiter for rundløyper. Det er òg eit ønskje om å etablere tursti på begge sider av Oftevatn slik at innbyggjarane kan gå samanhengande rundt større delar av vatnet. Dagsturhytta kan fungere som eit viktig knutepunkt i ei slik framtidig utvikling og bidra til å styrkje friluftstilbodet i Høydalsmo.

Etter å lokalisert og vurdert forskjellige bygg, kom me fram til at eit bygg som står i enden av parkeringsplassen ved Høydalsmo kyrkje, best oppfyller føresetnadene og kriteria som er lagt til grunn for dagsturhytteprosjektet. Det er statens vegvesen som eig bygget i dag, men dei ynskjer at Tokke kommune overtek som eigarar. Kommunalt eigarskap er ei føresetnad for at me kan få tippemidlar til prosjektet.

Storleiken på bygget vert vurdert som optimal. Bygget er ikkje verneverdig og gjer nødvendige tilpassingar mogleg innanfor prosjektet sine rammer. Noko rehabilitering vil vere naudsynt. Den lafta delen av bygget ser ut til å vere i relativt god stand. Stenderverksdelen kan ha behov for ny berande konstruksjon, men dersom dette vert naudsynt, kan eksisterande utvendig kledning nyttast på nytt slik at bygget sitt opphavlege uttrykk vert teke vare på.



Bygget som er foreslått nytta som dagsturhytte

Bygget er ikkje i aktiv bruk, noko som gjer det enklare å forsvare ei flytting til ein ny lokasjon der det kan få ein ny funksjon og skape verdi for både innbyggjarar og besøkjande.

Gjennom medverknadsprosessen har administrasjonen registrert stor interesse blant innbyggjarane for prosjektet. Fleire har uttrykt ønskje om å bidra både i planlegging og gjennomføring, og det er ein betydeleg dugnadsånd knytt til utviklinga av området. Dette blir vurdert som ein viktig styrke for prosjektet og vil kunne bidra til lokalt eigarskap og langsiktig engasjement.

Administrasjonen vurderer samla sett bygget og lokaliseringa ved Oftevatn som svært godt eigna til dagsturhytteføremålet. Prosjektet legg til rette for gjenbruk av eksisterande bygningsmasse, utvikling av universelt tilgjengelege friluftstilbod, formidling av lokal historie og etablering av ein attraktiv møteplass for innbyggjarar og tilreisande

Budsjett

Som tidlegare nevnt er prosjektet eit spleiselag mellom Telemark fylkeskommune, Sparebankstiftelsen Nome, Sparebankstiftelsen Telemark og kvar kommune. Me skal søke om tippemidlar og i samarbed med lag og organisasjonar kan dugnadstimar òg reknas inn. Sidan alle prosjekta i fylket er forskjellige med beliggenhet, eigarskap, tilgjengeleghet og tilstand på bygget, har me ikkje fått eit konkret budsjett pr kommune, men det er estimert at kostnadane på dagsturhytta vil bli 1 200 000 og vil fordelast slik:

Telemark fylkeskommune og stiftelsane	600 000	50% dekningsgrad, opp til 600 000
Spelemidlar	400 000	1/3 dekningsgrad av kostnaden.
Tokke kommune. egenandel	200 000	
Totalt:	1 200 000	

I tillegg kjem kostnadene til å etablere stien som kan bli fordelt slik: Tokke kommune 2/3 inkl dugnad og tippemidlar 1/3.

Konklusjon

Etablering av dagsturhytte i Tokke kommune vil vere eit positivt bidrag til folkehelse, friluftsliv, kulturformidling og lokal samfunnsutvikling. Prosjektet er godt forankra gjennom medverknad frå innbyggjarar og er i tråd med målsettingane i Telemark fylkeskommune sitt dagsturhytteprosjekt. Gjennom ekstern finansiering vil Tokke kommune få eit attraktivt tilbod til innbyggarane og besøkande til ein svært låg kostnad.

Etter ei samla vurdering meiner administrasjonen at Høydalsmo er det alternativet som best oppfyller prosjektet sine krav når det gjeld bygning, tilgjengeleghet og framtidig bruk. Samstundes vert det vurdert som ei berekraftig løysing gjennom gjenbruk av eksisterande bygningsmasse.

Kommunedirektørens tilråding

1. Tokke kommune sluttar seg til framlagt plan for etablering av dagsturhytte ved Oftevatn i Høydalsmo.
2. Dagsturhytta skal etablerast på halvøya ved Oftevatn med flytting og rehabilitering av den eksisterande bygningen ved Høydalsmo kyrkje.
3. Den estimerte egenandelen på kr 200 000,- til Tokke kommune finansierast gjennom disposisjonsfondet.